



Norsk Hjortesenter
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 02.07.2015
Vår ref.: 2015/295-15
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

Tilskot til viltformål 2015 - Tilsegn om tilskot inntil kr 25 000 til prosjekt "Hjort 2015/2016"

Tilsegnsnr. 2015/295-15

Søknaden sitt referansenummer i Elektronisk Søknadssenter i Miljødirektoratet: 15SC9702

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 25 000 til prosjektet "Hjort 2015/2016".

Vi viser til søknaden dykkar datert 15.01.2015, og politisk vedtak i Kultur- og ressursutvalet, 02.06.2015, [sak PS 113/2015](#). Direkte lenkje til saksframlegg (pdf-fil): <http://bit.ly/1RTfyOd>.

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing innan forvaltninga av haustbare ikkje truga viltartar, med bakgrunn i løyving under den statlege tilskotsordninga til viltformål, kap. 1425 post 71, underpost 3, jf. Klima- og Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/14 Tilskotsordningar for 2015 – Tilskot til viltformål.

Tilsegna gjeld til 01.06.2016.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Hjortesenteret har søkt om tilskot til å arrangere seminaret Hjort 2015 i Florø 27.-28. august. Seminaret er seinare flytta til 9.-10. mars 2016. Tilsvarende seminar vart arrangert i Bergen i 2013 og 2014, men før det i Florø. Hjortesenteret har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar som møtestad for aktørar i hjorteforvaltninga der lokal og regional forvaltning kan få påfyll av fagstoff som gjer dei best mogeleg skikka til å innrette arbeidet lokalt på ein god måte.

Hjortesenteret samarbeider med ulike aktørar om arrangementet, og ser på seminaret som ein viktig arena for heile Vestlandet, ein region der hjort er den dominerande hjorteviltarten. Hjortesenteret har dei siste åra hatt dialogmøter der fylkeskommunane på Vestlandet har vore invitert for å få innspel om fagleg innhald på seminara og korleis ein kan sikre best mogeleg deltaking. Tittelen på seminaret i 2016 er: "Bør store rovdyr bli ein del av framtidens hjorteforvaltning?". Det er mykje å lære av naturen når ein skal utføre den praktiske forvaltninga av hjortevilt. Vidare vil ein ta opp siste nytt innan regelverk, forskning, pågåande prosjekt og anna aktuelt på fronten. Tilskot til arrangementet vil bidra til å halde deltakaravgifta nede, og ein vonar då at fleire vil delta. Arrangementet er budsjettert til totalt kr 750.000 for 100 deltakarar. Det er søkt om tilskot på kr 25.000 frå kvar av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

2. PROSJEKTORGANISERING

Prosjektansvarleg/tilsegnsmottakar: Norsk Hjortesenter

Prosjektleder: Stein Joar Hegland

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Løn (eiga)	kr	180 000
Løn (leigd)	kr	100 000
Transport (kjøring)	kr	50 000
Sponsing av hotellovernatting og kost for deltakarar, annonsering	kr	420 000
Sum	kr	750 000

Godkjend finansieringsplan

Eigne midlar	kr	55 000
Anna finansiering	kr	400 000
Anna tilskot frå miljøforvaltinga	kr	270 000
Hordaland fylkeskommune 2015, budsjettområde 160.404	kr	25 000
Sum	kr	750 000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 2 månader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
 - ◇ Bakgrunn for prosjektet
 - ◇ Mål med prosjektet
 - ◇ Oppnådde resultat
 - ◇ Vurdering mot oppsette mål
 - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
 - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet
- Mottakar av tilskot skal innan søknad om sluttutbetaling også levere sluttrapport og sluttrekneskap i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, jf. krav til rapportering i [Forskrift om tilskudd til viltformål § 4](#).

Utbetaling

- Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, jomar.ragnhildstveit@hfk.no tlf. 55 23 93 08.

Fylkeskommunen ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttretningskjema

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2015

Prosjektnamn: Hjort 2015/2016	Tilsegnsnr: 2015/295-15
Tilskot inntil kr: 25 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.06.2016	Vår ref. 2015/295-15

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org. nr.: _____ Kto.nr.bank/post: _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signatur:..... Stad:..... Dato:.....

Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Tilskot til viltformål 2015

Prosjektnamn: Hjort 2015/2016	Tilsegnsnr: 2015/295-15
Tilskot inntil kr: 25 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.06.2016	Vår ref. 2015/295-15

Fyllast ut av tilsegnsuttakar:

Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapan under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar: _____ dato _____ signatur og stempel _____

Godkjent av prosjektansvarleg: _____ dato _____ signatur og stempel _____

ATTESTASJON AV REVISOR.
GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapan.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/prosjektrekneskap.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapan for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor: _____ dato _____ signatur og stempel _____

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen
